



Statsforvaltaren i Vestland

Vår dato:

31.01.2026

Vår ref:

2024/6572

Dykkar dato:

03.11.2025

Dykkar ref:

202320330

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon

Eyvin Søltnæs, 5764 3135

Fråsegn - tilleggsutgreiing for villrein - nye kraftverk i Røldal-Suldalsvassdraget - Ullensvang og Suldal

Den nye villreinutgreiinga har betra kunnskapsgrunnlaget om trekkruiter og beitebruk for villrein som kan bli påverka av nye pumpekraftverk i Røldal-Suldalsvassdraget. Rapporten stadfestar at villreinen trekker over isen på Votna og Holmavatnet, og at pumpedrift dermed vil kome i klar konflikt med nasjonale villreininteresser. Vi vil igjen understreke kunnskapsmanglar knytt til manøvrering av Votna og Holmavatnet ved eventuelle pumpekraftverk. Det er behov for å greie ut korleis pumpedrift vil påverke islegging og istilhøve i magasina, for å kunne vurdere om det er mogleg å fastsetje manøvreringsreglement som opprettheld trekkrutene for villrein. Tilleggsrapporten gir ikkje grunnlag for å trekke motsegna vår mot dei konsesjonssøkte pumpekraftverka.

Vi viser til høyringa av tilleggsutgreiinga for villrein og påverknad av eventuelle nye vasskraftverk i Røldal-Suldalsvassdraget. Vi viser òg til høyringsfråsegna vår til revisjonssøknaden og konsesjonssøknadene for Røldal 2 og Novle 2 pumpekraftverk der vi, saman med tre andre statsforvaltarembete, fremja motsegn mot dei nye utbyggingsplanane, på grunn av konflikt med nasjonale villreininteresser. Vi viser vidare til felles innspel frå statsforvaltarembeta etter dialogmøtet med dykk, der vi spesifiserte manglar i kunnskapsgrunnlaget.

Om villreinutgreiinga

Målet med utgreiinga var å vurdere konsekvens for villreintrekket av meir variasjon av vasstanden i Votnavatnet og Holmavatnet, og dermed meir usikker is. Dette skulle omfatte både Setesdal-Ryfylke-bestanden og Hardangervidda-bestanden. Det skulle òg vurderast avbøtande tiltak for villreinen, til dømes moglegheit for meir stabil vasstand og is i austre del av Votnavatnet. For Votna skulle konsekvensane utgreiast både med og utan realisering av den planlagde Dyrskartunnelen på E134 mellom Ulevåbort og Røldal, og for kvar av dei to bestandane.

Rapporten er basert på informasjon frå overvakingsrapportar for villrein i området, tidlegare utarbeida rapportar i konsesjonssaka, fagrapportar og vitskaplege studium om korleis inngrep og menneskeleg aktivitet påverkar villrein, tilgjengelege GPS-data for villrein i området, og lokalkunnskap om villrein og aktuelle vasskraftanlegg som er formidla i møte. Det er lagt til grunn at

E-postadresse:
sfvlpost@statsforvalteren.no
Sikker melding:
www.statsforvalteren.no/melding

Postadresse:
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse:
Njøsavegen 2, Leikanger
Solheimsgaten 13, Bergen
Fjellvegen 11, Førde

Telefon: 57 64 30 00
www.statsforvalteren.no/vl
Org.nr. 974 760 665



det truleg legg seg farbar is på magasina gjennom vinteren, men at store vasstandsendingar vil gi soner med usikker is rundt magasina.

For Holmavatnet er samla konsekvens for trekkfunksjonalitet og lokal utnytting av beite i dette området om vinteren vurdert til *noe negativ* (1-). Gjennom avbøtande tiltak er det vurdert som mogleg å oppnå at konsekvensgraden blir endra til til *ubetydelig* eller i beste fall *positiv*. Av moglege tiltak, vil tilpassingar som fører til meir sikker og farbar is på Holmavatnet vere mest treffsikkert.

For Votna, og uendra E134, er det at vurdert trekk av hardangerviddarein i størst grad skjer utanom årstid med usikker is. Trekk kan i sjeldne tilfelle òg skje på vinteren, men eit sørgåande trekkmonster i denne perioden er ikkje vurdert som funksjonelt viktig. Påverknad av trekkpassasjar og tilknytt beite som følgje av reguleringsendingane for Votna er vurdert til å vere *ubetydeleg endring*. Dette gir *ubetydeleg konsekvens* på trekkpassasjar og tilknytt beite.

For Votna, med E134 tunnelført, er konsekvensen for hardangerviddareinen vurdert til å vere i grenseland mellom *ubetydelig endring* og *noe forringelse*, sidan det er relativt sjeldan at påverka areal blir brukt vinterstid. Dette gir *noe negativ konsekvens* (1-) på trekkpassasjar og tilknytte beite.

For Votna, med E134 uendra, er konsekvens for Setesdal-Ryfylke-reinen vurdert til å liggje i nedre del av *noe forringelse* iht. KU-metodikken. Dette betyr mindre alvorlig svekking av trekk/vandringsvilkår der det er fleire alternative trekk, og det gir *noe negativ konsekvens* (1-) på trekkpassasjar og tilknytte beite.

For Votna, med E134 tunnelført, er konsekvens for Setesdal-Ryfylke-reinen vurdert til middels negativ konsekvens (2-) på trekkpassasjer og tilknytte beite. Total samla belastning blir likevel mindre enn i dagens situasjon under dette scenarioet, då vilkåra for trekk og beiting i nærområda blir bedra, trass i pumpekraft for Votna, når uro knytt til E134 blir sterkt redusert.

Det er vurdert at avbøtande tiltak kan gjere det mogleg å oppnå samla konsekvensgrad nær *ubetydelig* for dei ulike scenarioa med/utan tunnelføring. Det er presentert ei mogleg tilnærming for å oppnå sikrere istilhøve på Votna aust. Avbøtande tiltak viser òg at eksisterande vasskraftanlegg, og tilknytt infrastruktur i konsesjonsområdet, kan driftast slik at det blir betre tilhøve for villrein.

Vår vurdering

Det har vore påpeika kunnskapsmangel når det gjeld fysiske tilhøve knytt til manøvreringa av magasina, og om korleis dette vil påverke to nasjonale villreinbestandar. Den nye villreinutgreiinga har betra kunnskapsgrunnlaget om trekkruiter og beitebruk for villrein som kan bli påverka av nye pumpekraftverk i Røldal-Suldalsvassdraget. Rapporten stadfestar at villreinen trekker over isen på Votna og Holmavatnet, og at pumpedrift dermed vil kome i konflikt med villreinen. Det ligg ikkje føre noko vesentleg nytt om effektar på islegging og istilhøve gjennom vinteren, noko som vil vere avgjerande for om villreinen kan oppretthalde og styrke gamle trekkpassasjar.

I dag er trekkrutene i Votna-området sterkt avgrensa av E134 og av aktivitetar og friluftsfærd som har utgangspunkt i vegtilkomsten. Dette vil bli endra med ny tunnelløysing og eventuelt omlegging eller nedlegging av stiar og løyper. Vi ser ein fare i at rapporten undervurderer verdien av trekk over islagt Votna. Sjølv om det finst alternative trekkruiter, er desse òg påverka av ulik aktivitet, og framtidige klimaendingar kan endre verdien av dei enkelte trekkrutene i framtida. Vi reknar med det vil kome gode faglege innspel frå villreinnemndene og frå Villreinsenteret på verdien av dei ulike trekkrutene, og vil meiner det bør leggjast stor vekt på desse.



I oppsummeringa er det omtalt at villrein og ferdsel bør sjåast i samanheng, og at manøvreringsreglement for magasin blir utforma slik at istilhøva blir stabile nok til ferdsel for både villrein og skiløparar. For Votna er det trekt fram at skiløypene vil uroe villreinen mindre om dei går på isen, framfor lenger aust der det er enda viktigare trekkruiter for villreinen.

Vi understreka òg behovet for ei heilskapleg forvaltning av villreinen i konsesjonshøyringa, i tråd med stortingsmeldinga og ny vedtatt politikk for å forbetre tilstanden for villrein. I tiltaksplanarbeidet er det heilt sentralt å sjå på vandringsbarrierar og ferdsel.

Den nye villreinutgreiinga stadfestar altså at tunnelføringa av E134 vil opne for meir trekkaktivitet over Votna. Dette vil bli eit viktig tiltak i den nasjonale dugnaden for å styrke villreinbestandane, og det kan ikkje då opnast for utbygging eller aktivitet i funksjonsområda til reinen som øydelegg den positive effekten av tunnelen. Vi vurderer det som konfliktfullt og i strid med nasjonale føringar å redusere ein vandringskorridor for villreinen.

I rapporten er det omtalt at tunnelbygginga vil betre den samla belastinga, trass negative følgjer av pumpekraftverk. Vi må understreke at vurdering av samla belastning må omfatte alle planlagde tiltak i konsesjonssøknaden, og i tillegg må andre påverknader som kan belaste villreinen i området inkludrast. Ved ei utbygging som inneber så mange usikre faktorar, vil vi òg minne om at føre-var prinsippet må leggjast til grunn.

Det er, som nemnt innleiingsvis, mykje usikkert rundt dei reint fysiske tilhøva i magasina ved eventuell pumpedrift. Om Votna seier villreinrapporten at det er venta at store og hyppige vasstandsendringar vil gi sprekkar og råkar langs breiddene, noko som blir forsterka av det kuperte terrenget rundt vatnet. Det er tilrådd nye undersøkingar for å finne ut om eit manøvreringsreglement kan tilpassast slik at det blir stabile isforhold rundt større deler av magasinet gjennom vinteren.

I vurderinga av istilhøve i Holmavatnet er det vist til eit notat av Sintef (2025) som er utarbeidd etter konsesjonshøyringa. Her er det konkludert med at auka vasstandsvariasjonar vil kunne påverke istilhøva negativt samanlikna med ein situasjon utan pumpekraftverk, altså i tråd med konsekvensutgreiinga i søknaden og mange høyringsinnspel i saka. Notatet peikar òg på at det kan verke positivt dersom det kan haldast ein i grove trekk stabil vasstand på eit høgare nivå i starten av vintersesongen under islegginga. Det er tatt atterhald rundt analysar og konklusjonar på grunn av andre variablar, som krava frå eit framtidig kraftsystem.

Auka kunnskap om korleis isdynamikken i vatna vil bli påverka i ein pumpesituasjon, vil vere heilt avgjerande for kunne vurdere om eit manøvreringsregime kan ivareta villreinen, og samtidig vere interessant for utbyggar. Vi oppfattar at dette òg er vurderinga til fagfolka bak både Sintef-rapporten og den nye villreinrapporten.

Med helsing

Aslaug Aalen
miljødirektør

Eline Orheim
seksjonsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent



Kopi til:

Miljødirektoratet	Postboks 5672 Torgarden	7485	TRONDHEIM
Ullensvang kommune	Opheimsgt. 31	5750	ODDA
Statsforvalteren i Rogaland	Postboks 59	4001	STAVANGER
Statsforvalteren i Vestfold og Telemark	Postboks 2076	3103	TØNSBERG
Statsforvalteren i Agder	Postboks 788 Stoa	4809	ARENDAL